



STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO


Dato: 13.02.2017
Vår ref.: 2016/20110-8
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Tilleggsfråsegn til oppstart av kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefetttunnelen

Vi viser til fråsegn frå Hordaland fylkeskommune frå 20.12.2017. Hordaland fylkeskommune har gjort ei ny vurdering av dei ulike alternativa som det vert tilrådd å arbeida vidare med, særleg med bakgrunn i ei vurdering av tilhøvet til fylkesveg 57 og planane for tunnelloysing mellom Knarvik og Isdalstø.

Fylkestinget har, i samband med handsaminga av Nordhordlandspakken, 9.12.2014, bedt fylkesrådmannen «*sørgje for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken*». Vidare vart det bedt om at «*Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.*»

For å sikre ei best mogleg samla nytte av veginvesteringar i dette området vurderer fylkeskommunen det som aktuelt at det vert arbeidd vidare med løysingar for E39 Flatøy-Eikefetttunnelen i samanheng med framtidig omlegging av Fv57 Knarvik – Isdal.



Etter ei samla vurdering tilrår fylkeskommunen at alternativ V7c og V8 via Isdal/Åse blir tatt med vidare i prosessen. Vi vil samstundes gjere merksam på at konflikten med kulturminneinteressene ikkje har blitt mindre av den grunn. Vi vil og at Statens vegvesen skal gjere vurderingar av

vegstandard for den delen av vegen som vil gå i dagen for å sjå om det er mogleg med ein standard som er meir tilpassa dei lokale forholda enn det ein 4-felts veg representerer.

Eva Katrine Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
LINDÅS KOMMUNE
MELAND KOMMUNE
FYLKESMANNEN I HORDALAND